



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Sykkylven kommune  
Kyrkjevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
21/2522 - 27	06.02.2023	15521/2023/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	22.02.2023

## Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Sykkylven sjøfront BS22 – fråsegn ved avgrensa ettersyn

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### INNLEIING

Saka gjeld oversending datert 6. februar 2023 med revidert planforslag for detaljregulering Sykkylven sjøfront BS2. Fylkeskommunen har tidlegare hatt motsegn.

### INNSPEL TIL PLANARBEIDET

#### Samferdsel

Ved offentleg ettersyn fremma vi i fråsegn datert 09.01.2023 motsegn til følgande:

- Manglande frisisiktsoner i plankartet.
- Fortau regulert i strid med Statens vegvesen si handbok N100 – krav om gang- og sykkelvegar på strekning med fartsgrense er 60 km/t eller høgare.
- Regulering av formålet park heilt inn til fylkesvegen og på eigedom eigd av Møre og Romsdal fylkeskommune.

#### Frisiktsoner

I planforslaget som er sendt ut til avgrensa ettersyn er det lagt inn frisisiktslinjer i tråd med krava i handbok N100. Det er opplyst at dei linjene som ligg utanfor planområdet er vist med illustrerte linjer. Innanfor planområdet er det juridiske linjer – frisisiktslinje (1222). Med unntak av ein liten del på o\_Torg ligg desse inne i trafikkareal, og er markert med linjer og ikkje soner.

På bakgrunn av endringane som nemnt finn vi grunnlag for å trekke vår motsegn til planforslaget knytt til frisisiktsoner.

#### Løysingar for mjuke trafikantar

I planforslaget som er sendt ut til avgrensa ettersyn har alle fortau blitt tatt ut av planen, og er erstatta med gang- og sykkelveg. Det er lagt inn ein grøntrabatt ved o\_Torg/nordlegaste rundkøyringa. Grøntrabatt gir ein avstand mellom gang- og sykkelvegen og køyrevegen på meir enn 1,5 meter. Planområdet er utvida langs heile fylkesvegen for å få med og vise grøntrabattane frå godkjent områdeplan.

På bakgrunn av endringane som nemnt finn vi grunnlag for å trekke vår motsegn til planforslaget knytt til løysingar for mjuke trafikantar.

#### Park

Det lagt inn ny gang- og sykkelveg frå overgangsfelt - rundkøyring nord, til «knekken» på GS-vegen langs sjøfronten. Vi er samde i kommunen si vurdering at dette vil kunne hindre kryssing av fylkesvegen utanfor gangfelta for gåande nordfrå, da det naturlege blir å følgje gang- og sykkelvegen til gangfeltet ved rundkøyringa.

Det er ikkje lagt opp til areal til «annan veggrunn»/buffersone mellom gang- og sykkelvegen og parkarealet. I likskap med fylkesvegen, vil ein gang- og sykkelveg også ha behov for ei buffersone der det ikkje skal bli lagt til rette for tiltak som kan hindre rasjonell drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegen. Benkar, bord og liknande kan vere til hinder for drift og vedlikehald, og må ikkje kome nærare gang- og sykkelvegen enn minst 3 meter målt frå kant gang- og sykkelveg. Leikeapparat bør plasserast i større avstand frå gang- og sykkelvegen av omsyn til tryggleik for leikande og mjuke trafikantar.

Føresegn § 6.3 må bli oppdatert slik at det blir tatt med i planføresegna at tiltak innanfor arealformålet ikkje kan plasserast nærare gang- og sykkelvegen enn 3 meter målt frå kant gang- og sykkelveg. Vi stiller dette som **vilkår for eigengodkjenning**. Heimel for vilkår for eigengodkjenning er veglova § 1 a.

#### Torg (o Torg)

Innanfor arealet blir det lagt opp til at ein kan etablere naudsynt parkering for 2. etasje på F/K/T. Plassering av eventuelle parkeringsplassar inntil gang- og sykkelveg langs fv. 60 må bli unngått da dette kan føre til ulempe for drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegen. Det same vil gjelde for dei andre formåla føresegna opnar for innanfor dette arealformålet.

#### Gjennomføringsavtale

Før reguleringsplanen kan realiserast, må Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast for å avklare roller og ansvar knytt til bygging langs fylkesvegen, og om det er behov for å inngå ein gjennomføringsavtale for å regulere dei nemnde forholda. Opparbeiding av mellom anna gang- og sykkelveg langs fylkesveg 60 vil krevje gjennomføringsavtale med fylkeskommunen.

## **KONKLUSJON**

Vi kan trekke våre motsegner til planforslaget knytt til frisiktsoner og løysningar for mjuke trafikantar.

Føresegn § 6.3 må likevel bli oppdatert slik at det blir tatt med i planføresegna at tiltak innanfor arealformålet ikkje kan plasserast nærare gang- og sykkelvegen enn 3 meter målt frå kant gang- og sykkelveg.

Vi stiller dette som vilkår for eigengodkjenning. Heimel for vilkår for eigengodkjenning er veglova § 1 a.

Med helsing

Toril Hovdenak  
Fylkeskommunedirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Fagsaksbehandlar  
Samferdsel: rådgivar Lisa Enstad, tlf. 71 28 05 40

Kopi:  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen